

Prosjektleder
LEIV BJARTE MJØS
Statens kartverk, Norge

NY MATRIKSEL I NORGE

DAGENS EIGEDOMSINFORMASJONSSYSTEM I NORGE

Eigedomsinformasjonssystemet i Norge har 3 hovudelement: Grunnboka, GAB og DEK.

Grunnboka

Grunnboka er tinglysingsregisteret for fast eigedom i Norge. Dokument som gjev uttrykk for rettsstiftelsar i fast eigedom kan krevast innført i Grunnboka. Domstolane i første instans (87) er tinglysingskontor med ansvar for tinglysing, og Justisdepartementet har det sentrale ansvar. Arbeidet med å etablere Elektronisk Grunnbok var ferdigstilt i 1993, og tinglysingskontora fører i dag lokale grunnboksdatabasar med satsvis overføring av endringsdata til den sentrale grunnboksdatabasen (Elektronisk Grunnbok). Justisdepartementet førebur no utvikling av eit nytt sentralt tinglysingssystem, med avvikling av dei lokale grunnboksdatabasane. Organisering av tinglysinga er også oppe til vurdering i NOU 1999:22 Domstolene i første instans, og det kan vere aktuelt å ta tinglysinga ut av domstolane.

GAB

GAB er det nasjonale registeret over grunn-eigedomar, adresser og bygningar. GAB er oppretta i medhald av delingslova av 23. juni 1978, og avløyste den gamle matrikkelen. Prøvedrift for GAB vart starta opp i 1978, og systemet vart sett i drift kommunevis i perioden 1980–1985. Det er Statens kartverk som administrerer systemet, og Miljøverndepartementet har det sentrale forvaltningsansvar. GAB vert vedlikehalde ved at kommunane har rapporteringsplikt for endringsdata som oppstår i den kommunale sakshandsaminga, og ved kopling mot andre registre, som Elektronisk Grunnbok, Det Sentrale Personregisteret og Postregisteret. Alle grunneigedomar/festegrunnar/eigarseksjonar, bygningar over 15 kvm og adresser er registrert i GAB, men informasjonen om objekta har varierende kvalitet, og då særleg bygningsinformasjonen. GAB er organisert som eit sentralt register – Riks-GAB, men med høve for ein kommune til lokalt å installere og oppdatere ein kopi av densentrale GAB-databasen – Kommune-GAB.

ARBEIDET MED Å UTVIKLE NY MATRIKSEL I NORGE ER STARTA OPP. DEN NYE MATRIKSELEN SKAL ERSTATTE DAGENS GAB OG DEK, OG SKAL PARALLELT MED GRUNNBOKA VERE EIN HOVUDEL AV EIGEDOMSINFORMASJONSSYSTEMET I NORGE. GRUNNBOKA VIL INNEHALDE INFORMASJON OM RETTAR OG PLIKTER KNYTT TIL FAST EIGEDOM, MEDAN MATRIKSELEN SKAL INNEHALDE INFORMASJON OM FYSISKE EIGENSKAPAR VED FAST EIGEDOM.

DEK

DEK (digitalt eigedomskartverk) beskriv geografisk plassering, grenseforløp og storleik for eigedomsteigar, dvs. teigar av grunneigedomar og festegrunn. Heimel for oppretting av eigedomskartverk finn vi i forskriftene til delingslova av 23. juni 1978, der ansvar for etablering og vedlikehald av eit eigedomskartverk (analogt) vert tillagt kommunane. Ein del kommunar har sjølv etablert DEK for heile kommunen, men for dei fleste kommunane vert DEK etablert som eit samarbeid mellom Statens kartverk og kommunen, ved at Statens kartverk etablerer DEK utanfor tettbygd strøk, og kommunen innanfor tettbygd strøk. For landet sett under eitt er om lag 55 % av grunneigedomane (G-identar i GAB) etablert i DEK pr. april 2000, og det er store variasjonar frå fylke til fylke.

Eiendomsregisteret (EDR)

Norsk Eiendomsinformasjon as. har i oppgåve å distribuera samla informasjon frå Elektronisk Grunnbok og GAB. Samordninga skjer via Eiendomsregisteret (EDR), som vart etablert i 1995. All distribusjon av data for kommersiell bruk vert gjort via EDR.

UTVIKLING AV NY MATRIKSEL


Kvifor utvikle ny matrikkel?

Eit av hovudpunkta i NOU1999:1 Lov om eiendomsregistrering, er forslag om eit forbetra eigedomsregister i Norge. Det vert her foreslått at det vert oppretta eit nytt statleg einsarta, påliteleg og landsomfattande eigedomsregister, og at nemninga matrikkelen vert inn-

ført att. Det vert foresett at matrikkelen skal baserast på, og erstatte, GAB og DEK. Matrikkelen skal reindyrkast som parallell til grunnboka. NOU 1999:1 foreslår Statens kartverk som nasjonal matrikkelmyndighet og ansvarleg for forvaltning av den nye matrikkelen, medan kommunane er lokal matrikkelmyndighet med ansvar for å føre opplysningar inn i matrikkelen.

Arbeidet med å utvikle den nye matrikkelen er starta opp. Avgjerda om å starte opp dette arbeidet er teken på bakgrunn av følgjande:

1. Dagens GAB og DEK treng modernisering, og det er behov for integrering av eigedomskart og



FIGUR I. OVERORDNA STRUKTUR FOR MATRIKSELEN.

eigedomsregister.

2. Ein matrikkel i drift vil letta arbeidet med iverksetjing av ny lov om eiendomsregistrering.

Organisering

Arbeidet med å utvikle den nye matrikkelen er organisert som eit prosjekt, og ansvaret for prosjektet er lagt til Avdeling for Eigedomsinformasjon, der det er etablert ein prosjektadministrasjon på 2 personar. Det er etablert ei styringsgruppe for prosjektet, med 5 representantar frå Statens kartverk og 2 representantar frå Kommunenes Sentralforbund. For å ivareta synspunkt frå brukargruppene er det etablert ei ekstern referansegruppe med deltaking frå m.a. kommunane, Justisdepartementet, Statistisk Sentralbyrå og Sentralkontoret for folkeregistrering. For å ivareta faglege synspunkt i Statens kartverk er det etablert ei intern referansegruppe, der sentrale fagpersonar deltek.

Prosjektplanen

Prosjektplanen vart vedteken 15. mai 1999, og den definerer følgjande visjon og hovudmålsetjingar for prosjektet:

Visjon for matrikkelprosjektet: Norge skal ha eit landsomfattande truverdig eigedomsregister med data og kart over alle eigedomar, og dette registret skal spela saman med grunnboka og andre register i eit nasjonalt eigedomsinformasjonssystem.

Det er definert følgjande hovudmålsetjingar for matrikkelprosjektet:

- innan utgangen av år 2001 ha utvikla matrikkelbok og matrikkelkart i eit landsomfattande informasjonssystem
- innan utgangen av år 2001 ha utvikla organisasjon og teknisk løysing som ivaretek etablering og drift i eit godt samarbeid mellom staten og kommunane
- i åra 2002 og 2003 få gjennomført ein kommunevis overgang til eit landsomfattande, einsarta, distribuert matrikkelsystem med nøgde brukarar.

Det er lagt opp til ein total ressursbruk i Statens kartverk på 42,5 mill. NOK til prosjektet. Av dette er det budsjettert med 22 mill. NOK til systemutvikling i åra 1999–2001, og 20,5 mill. til konvertering i 2002–2003.

OVERORDNA KRAVSPESIFIKASJON

15. desember 1999 vedtok styringsgruppa overordna førebels kravspesifikasjon for den nye matrikkelen.

Kravspesifikasjonen definerer slik overordna struktur for den nye matrikkelen (se figur 1).

Matrikkeleiningane

Kjernen i matrikkelen vil vere dei 5 typane av matrikkeleiningar som er definert i §5 i forslag til ny lov om eigedomsregistrering:

- *Grunneigedom.* Eigedom som er avgrensa ved eigedomsgrenser på jordoverflata, og som strekker seg så langt loddrett ned i grunnen og opp i lufta som privat eigedomsrett strekker seg etter allmenne reglar.
- *Anleggsigedom.* En bygning eller konstruksjon som er skilt ut frå ein eller fleire grunn-eigedomar som ein eigen eigedom. Dette etter særlege retningslinjer.

- *Festegrunn.* Del av grunneigedom som nokon har festerett til eller som kan festast bort, eller som nokon har ein tilsvarande eksklusiv og langvarig bruksrett til.
- *Eigarseksjon.* Ein del av eit sameige på utbygd eigedom med tilknytt einerett til bruk av ein av fleire boligar eller andre brukseiningar på eigedomen.
- *Jordsameige.* Grunnareal som ligg i eit sameige mellom fleire grunneigedomar, og der delane av sameiget inngår i grunneigedomane.

Temaopplysningar

Til matrikkeleiningane vil det vere tilknytt temaopplysningar:

- *Basis eigedomsdata.* Informasjon om type eigedom, status på innføring i matrikkelen, etableringsdato, kva eigedom matrikkeleininga er utskilt frå, tilknytting til samla fast eigedom, med vidare.
- *Forretningsdata.* Data om forretningstypar, tidspunkt for hendingar og arkivreferansar.
- *Oppmålingsdata.* Kartdata og informasjon om areal.
- *Påleggsdata.* Oversikt over offentlege pålegg knytt til eigdommen, gjeve av kommunale eller statlege verksemdar. Dette kan være brannvesen, elektrisitetsvesen, forureiningsmyndede, plan- og bygningsmyndede, arbeidstilsynet med vidare.
- *Arealbruksdata.* Opplysningar om kva eigedomens areal vert brukt til, for eksempel jordbruk, skogbruk, industri, busetnad.
- *Eigardata.* Data om eigar (heimelshavar). Det vil seie type eigar, namn, adresse, personnummer, organisasjonsnummer, med vidare.
- *Adressedata.* Gate-/vegnavn, områdenamn, andre namn (slik som i dagens GAB), koordinatdata til eit representasjonspunkt og referansedata, for eksempel til grunnkrets.
- *Bygningsdata.* Opplysningar om bygningstype, byggemåte, tal etasjar, bruksareal, tatt i bruk, koordinatdata til eit representasjonspunkt, bustadnummer med vidare.
- *Kulturminnedata.* Opplysningar om automatisk freda kulturminne knytt til matrikkeleining: type kulturminne, koordinatar for referansepunkt og arkivreferanse. Dette vil verte tilført matrikkelen ved elektronisk kopling til Riksantikvaren sitt kulturminneregister.
- *Spesialavfallsdeponidata.* Opplysningar om deponi for spesialavfall knytt til den enkelte matrikkeleining ved koordinatar for referansepunkt og arkivreferanse. Det vert teke sikte på å tilføre dataene til matrikkelen frå Statens forureiningsstilsyn sitt register.
- *Kommunale tilleggsdata.* Det vil være aktuelt å tilby løysingar for kommunale opplysningar som ikkje inngår i den sentrale matrikkelen. Kva datasett som her skal inngå, må avklarast i dialog med kommunane. Det vert føresetta at dei kommunane som tek denne delen i bruk, sjølve står ansvarleg for innhald og bruk.

Det vil vidare verte lagt vekt på at matrikkelsystemet skal spele saman med andre system som kommunale GIS og økonomisystem. Det vil verte utvikla API programgrensesnitt for matrikkelen, og det vert lagt opp til at all aksess til matrikkelen skal gå via dette grensesnittet. Ved å publisere API programgrensesnittet vil det vidare verte lagt til rette for å at systemle-

verandørane skal kunne implementere matrikkeldata direkte i sine løysingar for kommunar og andre brukarar av eigedomsinformasjon.

INFORMASJON OG MEDVERKNAD

Eit gjennomgåande prinsipp i prosjektgjennomføringa skal vere informasjon og opplegg for medverknad frå brukargruppene. I tillegg til foredrag ved ulike arrangement på fagområdet, vil det ved viktige milepæl i prosjektet verte gjennomført regionale informasjons- og drøftingsmøter. I desse regionale møtene vert brukarane invitert til kome med synspunkt og drøfte direkte med prosjektleiinga. Den første regionale møterunden vart gjennomført i februar/mars inneverande år, der prosjektorganisering og førebels overordna kravspesifikasjon vart presentert av prosjektleiinga.

Meir info om matrikkelprosjektet på <http://www.statkart.no/eiendomsinformasjon/matrikkel/>.